

Avtale om disponering av konsesjonskraft



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE



FYRESDAL
KOMMUNE



HJARTDAL
KOMMUNE



KVITeseID
KOMMUNE



NISSEDAL
KOMMUNE



SELJORD
KOMMUNE



TINN
KOMMUNE



TOKKE
KOMMUNE



VINJE
KOMMUNE

Avtale om disponering av konsesjonskraft

(forhandla fram 19.12.08)

mellom Telemark fylkeskommune på den eine sida og kommunane Fyresdal, Hjartdal, Kviteid, Nissedal, Seljord, Tinn, Tokke og Vinje på den andre sida.

Denne avtala erstattar tidlegare avtaler om disponering av konsesjonskraft frå utbyggingane i dei 8 kommunane. Desse avtalene gjeld for 30 år frå 01.01.1981 til 31.12.2010, og var inngått mellom alle dei 8 kommunane og Telemark fylkeskommune (8-kommunarsavtala og Samarbeidsavtala av 1996 med seinare endringar) og mellom kommunane Vinje og Tokke og Telemark fylkeskommune (2-kommunarsavtala).

Denne avtala gjeld frå 01.01.2011.

1. Føremål

- 1.1. Partane har ein felles intensjon om at avtala skal vera med på å sikre konsesjonskraftverdiene som avtala omfattar, for samfunnsutviklingsføremål i Telemark i eit langsiktig perspektiv.
- 1.2. Verdien av konsesjonskrafta som blir regulert av denne avtala skal nyttast til føremål i det geografiske området som utgjer Telemark fylke på det tidspunktet avtala er inngått.

2. Kraftmengda som avtala omfattar

- 2.1. Partane søker i fellesskap om full tildeling av heile den konsesjonskraftmengda som lova fastset frå utbyggingane i dei 8 kommunane som er omfatta av denne avtala.
- 2.2. Konsesjonskraft blir tildelt for kvar einskild regulering. Denne kraftmengda blir disponert slik:
 - A. Vedkomande kommunar disponerer den kraftmengda som til ei kvar tid trengst for å dekkje eige behov, til den konsesjonskraftprisen som er fastsett ut frå lov og rettspraksis. Konsesjonskraft som den einskilde kommunen har fått tilgang til utanom denne avtala, derunder den såkalla «særavtalekrafta», blir rekna med i den kraftmengda som den aktuelle kommunen disponerer til å dekkje eige behov.
 - B. Tildela konsesjonskraft frå vedkomande regulering ut over den mengda som er nemnd under A, er fylkeskommunal konsesjonskraft og blir forvalta av Telemark fylkeskommune. Forvaltinga skal maksimere gevinsten ved omsetnad av konsesjonskrafta.
- 2.3. Oppnådd gevinst av forvalting etter bokstav B blir avsett til fond, jf punkt 4.
- 2.4. Den einskilde kommunen skal kvart år innan 1. desember utan oppmoding leggje fram for fylkeskommunen og konsesjonskraftstyret ein prognose for neste års forbruk til allminneleg forsyning i kommunen. Prognosen skal byggje på fjorårets temperaturkorrigererte forbruk og venta forbruksendring. Fylkeskommunen eller konsesjonskraftstyret kan be om nærare grunngeving og dokumentasjon, derunder eit oversyn over kommunens fordeling av prognosert uttak frå alle konsesjonsrettane til kommunen. Kommunanes kvantum i medhald av punkt 2.2. A skal fastsetjast til det prognostiserte forbruket. Ved slutten av året blir det gjort eit etteroppgjer tufta på det faktiske temperaturkorrigererte forbruket i den einskilde perioden.

3. Forvaltning av konsesjonskrafta

- 3.1. For kraftlevering etter punkt 2.2. A og B gjer fylkeskommunen og kommunen/kommunane i fellesskap særskilde leveringsavtaler med den einskilde konsesjonæren etter at prisen er fastsett, eller leveringsvilkåra er fastsette av departementet i samsvar med Vassdragsreguleringslova § 12, post 15. Avbestilling av kraft må ikkje finne stad utan skriftleg samtykke frå vedkomande kommune/kommunar.
- 3.2. Den einskilde kommunen kan sjølv forvalte konsesjonskraft etter punkt 2.2. A dersom kommunen ser dette som mest tenleg. Det er partanes intensjon at all konsesjonskraft frå alle utbyggingane i dei åtte kommunane som blir omsett på marknadsmessige vilkår, skal forvaltast samla av konsesjonskraftstyret i Telemark.
- 3.3. Fylkeskommunen står økonomisk ansvarleg andsynes konsesjonæren for all konsesjonskraft som er tinga etter punkt 3.1. Kommunane er ansvarlege andsynes fylkeskommunen for at kraft levera etter punkt 3.1. blir betalt ved forfall. Kommunen/kommunane står økonomisk ansvarleg andsynes konsesjonæren for all konsesjonskraft som er tinga etter punkt 3.2.
- 3.4. **Konsesjonskraftstyret**
 - 3.4.3. Det skal vera eit styre, *konsesjonskraftstyret*, som står ansvarleg for forvaltinga av konsesjonskrafta som denne avtala omfattar, med unntak av den konsesjonskrafta som kommunen/kommunane sjølve forvaltar etter punkt 3.2.
 - 3.4.4. Styret blir valt for periodar på 2 år. Styrerepresentantane fungerer fram til årsmøtet (8-kommunarsmøtet).
 - 3.4.5. Styret er på 4 medlemar, 2 frå fylkeskommunen og 2 frå kommunane. Det skal veljast varamedlemar for kommunerepresentantane.
 - 3.4.6. Minst ein av kommunerepresentantane skal vera frå Tokke eller Vinje.
 - 3.4.7. Fylkeskommunen skal vera representert av fylkesordførar og fylkesrådmann.
 - 3.4.8. Årsmøtet vel kommunerepresentantane og personlege varamedlemar. Styret vel sjølv leiaren sin. Valet skjer på fyrste styremøtet i år med ulike tal, fyrste gong i 2011 og gjeld for 2 år. Vervet vekslar kvar gong mellom fylkeskommunen og kommunane.
 - 3.4.9. Kostnadene til styret blir innarbeidde i budsjettet for konsesjonskraftomsetnaden.
- 3.5. **Mandatet til konsesjonskraftstyret**
 - 3.5.3. Styret skal avgjera pris- og forhandlingsspørsmål i samband med administreringa av konsesjonskraft som blir forhandla i medhald av denne avtala.
 - 3.5.4. Styret har ansvar for å følgje opp spørsmål som har verknad for konsesjonskraftpris og -vilkår, jf punkt 2.2.
 - 3.5.5. Styret skal leggje fram årsmelding og rekneskap til handsaming på årsmøtet. Styret skal handsame andre energisaker som høyrer inn under årsmøtet. Styret handsamar òg budsjett som blir lagt fram for årsmøtet til orientering.

3.5.6. Styret er ansvarleg for at det til ei kvar tid er eit sekretariat med naudsynt kompetanse til å sikre ei best mogleg forvaltning av konsesjonskrafta.

4. Avsetjing til fond

4.1. Fondsstruktur

Oppnådd gevinst av forvaltninga etter punkt 2.2. B skal avsetjast til fond etter følgjande fordeling:

- Oppnådd gevinst av 112,5 GWh skal tilførast kommunale næringsfond.
- Fordelinga til kommunale næringsfond skjer i høve til den konsesjonskraftmengda som utbyggingane i vedkomande kommune gjev utover den mengda som dekkjer forbruket i eigen kommune.
- Gevinsten ut over det som blir tilført kommunale næringsfond skal setjast av til eit utviklingsfond for Telemark (Telemark utviklingsfond).
- Alle kostnadene ved administrasjonen av konsesjonskrafta skal fordelast i samsvar med den høvesvise fordelinga av dei verdiane som blir tilførde dei kommunale næringsfonda og Telemark utviklingsfond .

4.2. Telemark utviklingsfond

4.2.3. Fondet er tufta på konsesjonskraft frå utbyggingar i dei 8 kommunane som er partar i denne avtala.

4.2.4. Telemark utviklingsfond har som oppgåve å forvalte dei midlane som blir tilførde fondet på grunnlag av denne avtala, jf punkt 4.1.

4.2.5. *Verkeområde*: Telemark utviklingsfond skal verke innanfor det geografiske området som utgjer Telemark fylke når avtala blir gjort.

4.2.6. Fondet skal særleg støtte utviklingstiltak i næringssvake kommunar og kommunar med folketalsnedgang.

4.2.7. Fondet skal medverke til ei påreknelig finansiering av administrasjonskostnadene for det regionale samarbeidet i dei 8 konsesjonskraftkommunane.

4.2.8. *Styre*: Det skal vera eit styre for Telemark utviklingsfond.

4.2.9. Styret er på 5 medlemar og følgjer valperioden for kommunane og fylkeskommunen. Følgjande reglar gjeld for samansetjing og drift:

- 4 medlemar skal oppnemnast av fylkestinget
- 1 medlem skal oppnemnast av dei 8 avtalekommunane
- Det skal veljast personlege varamedlemar
- Leiaren av styret skal veljast av fylkestinget
- Kostnadene for styret skal innarbeidast i budsjettet for Telemark utviklingsfond.
- Styret er ansvarleg for at det til ei kvar tid er eit sekretariat med naudsynt kompetanse i å forvalte Telemark utviklingsfond.

4.2.10. Partane utarbeider i fellesskap vedtekter for Telemark utviklingsfond innfor ramma av denne avtala. Vedtektene skal handsamast av årsmøtet i 8-kommunarsmøtet før endeleg vedtak i Telemark fylkesting.

4.3. Kommunale næringsfond

4.3.3. Dei kommunale næringsfonda har som oppgåve å forvalte dei midlane som blir tilført fonda på grunnlag av denne avtala, jf punkt 4.1.

4.3.4. Fonda skal nyttast til tiltak som kan fremje næringslivet og tryggje busetnaden i dei einskilde kommunane.

4.3.5. Dei 8 kommunane som er partar i denne avtala utarbeider felles vedtekter for dei kommunale næringsfonda.

5. Årsmøtet – 8-kommunarsmøtet

5.1. Årsmøtet - 8-kommunarsmøtet - er samansett av dei fungerande ordførarane i kommunane og fylkesordføraren. Kvar av kommunane kan møte med 2 representantar.

5.2. Det ordinære årsmøtet blir halde kvart år innan utgangen av juni månad. Innkallinga skal skje skriftleg med 14 dagars varsel. Ekstraordinært årsmøte skal haldast når minst to medlemar av anten konsesjonskraftstyret eller styret for Telemark utviklingsfond krev det.

5.3. Årsmøtet er kontrollorgan og samarbeidsorgan for partane i denne avtala og skal handsame og avgjera følgjande saker:

- Årsmelding og årsrekneskap frå konsesjonskraftstyret
- Val av kommunerepresentantane og personlege varamedlemar, og val av revisor til konsesjonskraftstyret
- Årsmelding og rekneskap for Telemark utviklingsfond blir lagt fram for årsmøtet før endeleg avgjerd i fylkestinget
- Val av kommunerepresentant og personleg varamedlem til Telemark utviklingsfond
- Prinsipielle spørsmål om avrekning og fordeling av tildelt konsesjonskraft etter denne avtala
- Andre energisaker av felles interesse for partane

6. Tvisteløysingar


6.1. Tvistar som har utspring i avtala skal løysast ved valgift etter Valgiftslova av 14. mai 2004 nr. 25, med mindre ein av partane krev handsaming ved dei ordinære domstolane.

7. Varigheit

- 7.1. Kvar av partane kan skriftleg seia opp denne avtala med varsel på minst tre år. Oppseinga får verknad frå den 1. januar i eit nærare oppgjeve år, likevel tidlegast med verknad frå 1. januar 2026, noko som føreset oppseiing innan 31. desember 2022. Punkt 1 i avtala kan ikkje seiast opp.

Morgedal den 9. desember 2009


Telemark fylkeskommune


Gunn Marit Helgesen
fylkesordfører


Fyresdal kommune


Bjørn Nome
ordfører

Hjartdal kommune


Olav Tho
Ordfører

Kviteseid kommune


Torstein Tveito
ordfører

Nissedal kommune


Anne-Nora Oma Dahle
Ordfører

Seljord kommune


Solveig Sundbø Abrahamsen
ordfører


Tinn kommune


Erik Haatvedt
Ordfører

Tokke kommune


Olav Urbø
ordfører

Vinje kommune


Arne Vinje
ordfører

